



HAREID KOMMUNE

Innkalling

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Melshorn Hotell
Dato:	23.05.2019
Tid:	Kl. 18:00

Gyldig forfall skal snarast meldast til Servicetorg og politisk sekretariat på telefon 70 09 50 00 eller politikk@hareid.kommune.no, som kallar inn vara. Forfallet skal grunngjevast. Varamedlemer møter berre etter eiga innkalling.

Medlemmer som er inhabile i ei sak vert bedne om å gi melding, slik at varamedlemmer kan kallast inn.

Møtet er ope for publikum, bortsett frå når det eventuelt skal behandlast saker som er unnatekne offentleg innsyn.

Saksdokumenter er publiserte på www.hareid.kommune.no.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
28/19	Godkjenning av innkalling og sakliste	19/11
29/19	Godkjenning av protokoll	19/11
30/19	Orienteringar	19/11
1	Orientering om ny møteportal	19/11
31/19	Referatsaker	19/11
2	Kontrollrapport - årsrapport skatt 2018 behandlinga i kontrollutvalet	19/7
32/19	Innbyggarsak - Hundepark i Geilane	19/9
33/19	Kartlegging og verdsetting av friluftsområde i Hareid kommune	19/10
34/19	Interpellasjon frå Annika Brandal og Jenny Helen Korsnes om å nytte barnetråkk i planarbeid	19/1013
35/19	Nyval i samband med at Truls Håbakk trer endeleg ut av folkevalde organ	19/8
36/19	Helseplattforma. Prosjektorganisasjon	19/936

Hareid, 16.05.2019

Anders Riise (p)



Vår referanse: 19/11 19/22

Saksbehandlar: Helga Bøe

Dato: 04.05.2019

Saksnr.	Utval	Møtedato
28/19	Kommunestyret	23.05.2019

Godkjenning av innkalling og sakliste



Vår referanse: 19/11 19/23

Saksbehandlar: Helga Bøe

Dato: 04.05.2019

Saksnr.	Utval	Møtedato
29/19	Kommunestyret	23.05.2019

Godkjenning av protokoll



Saksnr.	Utval	Møtedato
30/19	Kommunestyret	23.05.2019

Orienteringar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
1	Orientering om ny møteportal

Saksnr.	Utval	Møtedato
1	Kommunestyret	23.05.2019

Orientering om ny møteportal

Det vil bli orientert om ny møteportal for politikarane.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
31/19	Kommunestyret	23.05.2019

Referatsaker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
2	Kontrollrapport - årsrapport skatt 2018 behandlinga i kontrollutvalet

Saksnr.	Utval	Møtedato
2	Kommunestyret	23.05.2019

Kontrollrapport - årsrapport skatt 2018 behandlinga i kontrollutvalet

Vedlegg:

HA 01-19 SAK 08-19 KONTROLLRAPPORT - ÅRSRAPPORT 2018
SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN. Saka



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
32/19	Kommunestyret	23.05.2019

Innbyggarsak - Hundepark i Geilane

Samandrag:

Hareid kommune har fått eit innbyggjarinitiativ frå Runa Mork om å etablere hundepark i Geilane.

Rådmannen si tilråding:

1. Kommunestyret er positiv til innbyggjarforslaget frå Runa Mork Røyset om hundepark i Geilane. Kommunestyret ber administrasjonen om å greie ut saka og legge ho fram for kommunestyret til hausten. Dersom arealet som er nemnt i forslaget viser seg ikkje å vere egna for hundepark, ber kommunestyret administrasjonen om å sjå etter alternative plasseringar.

Eller

2. Kommunestyret takkar for innbyggjarforslaget frå Runa Mork Røyset om hundepark i Geilane, men ønsker ikkje å gå vidare med dette forslaget.

Vedlegg:

hundepark geilane -kart
Ny sak frå minsak.no - Hundepark i Geilane
Prosedyre for innbyggjarforslag

Saksopplysningar:

28. februar 2019 fekk Hareid kommune oversendt eit innbyggjarinitiativ frå Runa Mork gjennom minsak.no:

«Tittel: Hundepark i Geilane

Ubrukt areal i geilefeltet. Gammal grus bane, der det er ønske om å få til ein hundepark. Vi ønsker eit område for å få luften, sosialisere og trene agillity. Det må opp eit skikkelig gjerde rundt området. Vi treng minimum 130 underskrifter for å kunne levere søknad til kommunen. Håpe det er mange som vil støtte tiltaket.»

Innbyggjarforslag er regulert i Kommunelova paragraf 39a:

Innbyggerne i kommunen eller fylket kan fremme forslag som gjelder kommunens eller fylkeskommunens virksomhet. Kommunestyret eller fylkestinget plikter selv å ta stilling til forslaget dersom minst 2 prosent av innbyggerne står bak forslaget. Likevel er 300 underskrifter i kommunen eller 500 i fylket alltid tilstrekkelig. Kommunestyret eller fylkestinget tar selv stilling til om forslaget gjelder kommunens eller fylkeskommunens virksomhet. (1.)

Eit innbyggjarforslag i Hareid kommune treng med dagens innbyggartal 102 underskrifter. Forslaget om hundepark i Geilane har 139 underskrifter og tilfredsstillar dermed lovkravet. Med 37 fleire underskrifter enn kravet vil det ikkje vere naudsynt å sjekke om kvar enkelt underskrift er reell.

Kommunelova (§ 39a 2.) gir kommunestyret ein frist på 6 månadar til å ta stilling til eit innbyggjarforslag. Forslaget blei sendt til kommunen 28. februar. At kommunestyret tar stilling til forslaget 23. mai er dermed innanfor fristen i lova.

I same valperiode kan det ikkje fremmast eit forslag dersom det har same innhald som eit tidlegare innbyggjarinitiativ eller same innhald som ein sak kommunestyret har handsama i perioden. Sakshandsamar kan ikkje sjå at kommunestyret har hatt liknande sak på bordet. Det er uansett kommunestyret sjølv som eventuelt skal avvise eit innbyggjarinitiativ med grunngjevinga ovanfor (Komlov § 39a 3.)

Prosedyre for innbyggjarforslag

I samband med dette innbyggjarinitiativet har politisk sekretariat utarbeidd ei prosedyre for handsaming av innbyggjarforslag (vedlagt).

1. Vi ønsker fleire innbyggjarinitiativ. For at administrasjonen ikkje skal bruke mykje ressursar på å handsame forslag som politikarane ikkje ønsker, legg vi opp til forenkla sakshandsaming.
2. Administrasjonen legg fram fleire forslag i tilrådinga (positiv og negativ)
3. Viss kommunestyret går for eit av dei positive forslaga, vil administrasjonen kome tilbake til politikarane med ein fullt utgreidd sak.

Ein slik prosedyre gjere at forslaga raskt kan kome på dagsorden. Han vil også

sørge for at alle forslaga blir handsama på same måte.

Innhaldet i forslaget «Hundepark i Geilane»

Politisk sekretariat har fått ei kort utgreiing frå planavdelinga i denne konkrete saka.

Området det er snakk om (delar av gbnr. 48/14), slik administrasjonen tolkar forslaget, er i gjeldande reguleringsplan avsett til leik/akebakke. I kommuneplanen er det avsett til friområde. Einaste føring i reguleringsplanen er at det ikkje kan oppførast byggverk som er til hinder for bruken av området som friområde.

Der er truleg ingenting i vegen for å nytte friområde i reguleringsplan til park, med mindre gjeldande reguleringsplan seier noko konkret om bruken av friområdet som er i strid med hundepark.

Området er kartlagt for skredfare, og det er også «friskmeldt» av geolog, så det vil ikkje vere nokon utfordringar knytt til naturfare.

Eit alternativ til hundepark kan til dømes vere i det regulerte friområdet på Pålhaugen.

Regjeringa sin handlingsplan for friluftsliv oppmodar også kommunane om å legge til rette for egne områder for trening/aktivitet med hund (s. 16).

Etablering av gjerde kan i enkelte tilfelle vere søknadspliktig. Dette må avklarast nærmare dersom det blir aktuelt.

Vurdering og konklusjon:

Innbyggjarforslaget tilfredsstillar krava i lova: Det har nok underskrifter og forslag med same/liknande innhald har so langt administrasjonen kan sjå, ikkje vore handsama i denne valperioden.

Då er det opp til kommunestyret om det vil at administrasjonen skal gå vidare med forslaget.

Rådmannen legg fram ei tilråding med to alternativ.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Folkehelsekonsekvensar: Positive. Møteplass for folk som er glad i hund. Fysisk aktivitet.

Miljøkonsekvensar: Moglege lokale konsekvensar knytt til støy

Økonomiske konsekvensar: Eventuelle kostnadar til gjerde og apparat.

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge:

Namn
Rådmann

Helga Bøe
leiar servicetorg og politisk sekretariat



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
33/19	Kommunestyret	23.05.2019

Kartlegging og verdsetting av friluftsområde i Hareid kommune

Samandrag:

I 2013 la dåverande regjering fram Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv og Nasjonal handlingsplan for statlig sikring og tilrettelegging av friluftsområder. Her var det eit mål om at flest mogleg av landets kommunar skulle ha kartlagt og verdsatt sine viktigaste friluftsområder innan 2018. Med bakgrunn i desse føringane starta Hareid kommune tidleg i 2018 med kartlegginga. Denne kartlegginga er no ferdig, og vert difor lagt fram for dei folkevalde organa med intensjon om at den vert teke til vitande i tråd med rettleiaren frå Miljødirektoratet.

Rådmannen si tilråding:

Hareid kommunestyre tek kartlegginga og verdsettinga av friluftsområde i Hareid kommune til vitande.

Vedlegg:

Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder
Omraadetyper
Utfylt Egenskapsskjema
Verdsetting_friluftsomraader
protokoll frå fsk 060519 kartlegging av friluftsområde

Saksopplysningar:

Prosjektet med kartlegging og verdsetting av friluftsområder i Hareid kommune starta tidleg i 2018, der folkehelsekoordinator og GIS-ingeniør hadde ansvar for prosjektet med god hjelp frå Sunnmøre friluftsråd.

Desse fekk med seg representantar frå kommunen og frivillige organisasjonar i kommunen og saman har dei utarbeidd eit friluftsområdekart som består av to kartlag. Denne arbeidsgruppa har også verdsett friluftsområda. Etter at det administrative prosjektarbeidet var ferdig og ein hadde klart eit godt utkast til kartlegging og verdsetting vart datagrunnlaget publisert på kommunens heimesider med oppmoding og ønskje om at innbyggjarane kunne kome med innspel. Høyringsperioden var dei 3 første vekene i mars 2019. Det kom inn to tilbakemeldingar i høyringsperioden.

Etter høyringsperioden har administrasjonen ferdigstilt kartlegginga og verdsettinga, og denne er no tilgjengeleg i kommunens kartportal (ein kan finne dette på kommunens heimesider):

<https://kommunekart.com/klient/hareid/friluftskartlegging>

Temakartet som no ligg føre har ingen juridiske bindingar. Temakartet er eit reint kunnskapsgrunnlag på linje med andre reine temakart for ulike fagområder. Kartlegginga skal haldast laupande oppdatert så langt som det let seg gjere.

Vurdering og konklusjon:

Store delar av befolkninga har eit aktivt forhold til friluftsliv. Friluftslivet er viktig for individet, og ferdsel og opphald i friluft er for mange ein viktig del av kvardagen. Friluftslivet har mange nytteverdiar, som betre helse og auka livskvalitet. Med denne kartlegginga som er ålment tilgjengeleg via elektroniske mediar vil det kanskje verte enklare for fleire å ha moglegheit til å drive friluftsliv i nærmiljøet og i naturen elles. Kommunen har også fått eit betre kunnskapsgrunnlag som ein kan nytte i framtidig planarbeid og andre saker. Rådmannen rår difor kommunestyret til å ta kartlegginga og verdsettinga til vitande.

Folkehelse konsekvensar: Det vil vere meir tilgjengelege elektroniske data knytt til friluftsliv for innbyggjarane i Hareid kommune. Dette kan kanskje vere med på å senke terskelen for å nytte seg av lokale turmoglegheiter og opplevingar. Dette vil vere positivt for folkehelsa.

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende.

Økonomiske konsekvensar: Ingen kjende.

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende.

Namn
Rådmann

Silja Øvrelid
einingsleiar



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
34/19	Kommunestyret	23.05.2019

Interpellasjon frå Annika Brandal og Jenny Helen Korsnes om å nytte barnetråkk i planarbeid

Samandrag:

Annika Brandal (V) og Jenny Helen Korsnes (V) har levert interpellasjon om å nytte barnetråkk som eit verktøy i planarbeidet – særleg knytt til den pågåande trafikktryggingssplanen.

Andre relevante dokument:

Interpellasjon - Barnetråkk

Saksopplysningar:

Interpellasjon - Barnetråkk

I samband med arbeidet som no er starta opp med trafikktryggingsplan, og seinare arbeid med kommuneplanen, er det viktig at alle aldersgrupper vert hørt.

Dette kan vere ei utfordring, spesielt for dei yngste. Borna har behov for eit stort bevegelsesrom, trygg skuleveg og dei har meiningar om sine omgiversar. Born og unge har lovfesta rett til medverknad, men det er ofte vanskeleg å gjennomføre i praksis.

Norsk design- og arkitektursenter har, i samarbeid med Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Universitetet i Bergen, utvikla eit undervisningsopplegg dei kallar Barnetråkk. Eit engasjerande undervisningsopplegg for demokratiopplæring, der born og unge enkelt kan registrere og kartfeste digitalt korleis dei brukar sitt nærmiljø. Resultata kan sendast til planleggar i kommunen, som kan bruke det vidare i arbeidet med planverk i kommunen, og lokalpolitikarar kan også få innsyn i dette. På denne måten kan borna også få erfaring med og bevisstheit om korleis kvar enkelt kan påvirke gjennom demokratiske prosessar.

Ei erfaring og bevisstgjøring på korleis borna kan påvirke vil også gjere både dei, foreldre og lærarar meir bevisste også seinare. Dette er positivt med tanke på lokaldemokratiet vårt.

Hareid Venstre meiner det er viktig at vi legg så godt rette som muleg for at alle aldersgrupper blir hørt i planprosessar. Dette undervisningsopplegget har gitt gode resultat i andre kommunar, og vi meiner difor vi bør sjå nærare på om dette kan takast i bruk også her.

Vi ynskjer at saka blir sendt over til administrasjonen for vidare arbeid. Meir informasjon om Barnetråkk ligg på www.barnetrakk.no.

Med helsing

Annika Brandal
Jenny Helen Korsnes
Hareid Venstre

.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
35/19	Kommunestyret	23.05.2019

Nyval i samband med at Truls Håbakk trer endeleg ut av folkevalde organ

Samandrag:

Truls Håbakk har flytta ut av kommunen. Han er derfor ikkje valbar til folkevalde organ i Hareid kommune og må tre endeleg ut av dei verva han har.

Rådmannen si tilråding:

Truls Håbakk (Frp) er ikkje lenger valbar og har trådd endeleg ut av dei folkevalde organa han var vald inn i.

- Kommunestyret
 - 1. vara Kjartan Grimstad rykker opp og blir fast medlem av kommunestyret.

Kommunestyret vel følgande nye (vara)medlemmar til å erstatte Håbakk:

- Formannskapet:
 - Kommunestyret vel Oskar Grimstad som ny fast representant i formannskapet
- Valstyret:
 - Kommunestyret vel Oskar Grimstad som ny fast representant i valstyret
- Valnemnda:
 - Kommunestyret vel Jeanette Teigene som ny fast representant i valnemnda. Oskar Grimstad går inn som vara for Jeanette Teigene.
- Administrasjonsutvalet (vara):
 - Kommunestyret vel Oskar Grimstad som ny 2. vara til administrasjonsutvalet
- Forhandlingsutvalet (vara):
 - Kommunestyret vel Oskar Grimstad som ny 2. vara til forhandlingsutvalet.
- Utsending KS (vara):
 - Kommunestyret vel Oskar Grimstad som ny 3. vara for utsending til KS.
- Samarbeidsutvalet for Hareid ungdomsskule:
 - Kommunestyret vel Øyvind Grimstad som ny fast medlem i samarbeidsutvalet for Hareid ungdomsskule.

Vedlegg:

Frp sine forslag til val av erstattarar for Truls Håbakk -
Melding om vedtak frå møte i KST 26.10.2017
Søknad om fritak

Saksopplysningar:

For å vere valbar til folkevalde verv i kommunen, må ein vere busett i kommunen. Viss ein flyttar ut av kommunen tapar ein valbarheita og må tre ut av det folkevalde organet (jf. Kommuneleva paragrafane 14 og 15).

Den 6. april melde Truls Håbakk at han har fått ny folkeregistrert adresse. Han vil derfor ikkje vere valbar og må tre endeleg ut av dei folkevalde organa han sit i.

Han sit per no i følgande organ:

- Kommunestyret

Kommunestyret vedtok i PS 68/17 å gi Håbakk permisjon frå følgande organ/verv:

- Formannskapet
- Valstyret
- Valnemnda
- Administrasjonsutvalet
- Forhandlingsutvalet (vara)
- Utsending KS (vara)
- Samarbeidsutvalet for Hareid ungdomsskule

Utreden av kommunestyret

Når eit medlem av kommunestyret trer endeleg ut av kommunestyret skal varamedlemmar frå same gruppe tre inn i hans stad i den nummerorden dei er valde (Jf Kommuneleva § 16 1. ledd).

Utreden av anna folkevald organ

Dersom eit medlem av anna folkevald organ trer endeleg ut, skal det veljast nytt medlem, sjølv om det tidlegare er vald varamedlemmar. (Jf. Kommuneleva § 16 2. ledd)

Det må dermed veljast nye medlemmer i følgande folkevalde organ:

- Formannskapet
- Valstyret
- Valnemnda
- Administrasjonsutvalet
- Forhandlingsutvalet (vara)
- Utsending KS (vara)
- Samarbeidsutvalet for Hareid ungdomsskule

Truls Håbakk er også styremedlem i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk, men det vervet er det valkomiteen og representantskapet i SSR som er ansvarleg for å handtere.

Dei nye medlemmane/varamedlemmane skal veljast frå same gruppe som den som trer ut.

Oskar Grimstad, gruppeleiar for Frp, har fremma forslag om at vedtaka i PS 68/17 blir gjort permanent for denne valperioden:

Vedtak i PS 68/17:

1. *Ny fast medlem i formannskapet vert Oskar Grimstad*
2. *Ny fast medlem i valstyret vert Oskar Grimstad*
3. *Ny fast medlem i valnemnda vert Jeanette Teigene (rykke opp frå vara). Oskar Grimstad går inn som vara for Jeanette Teigene*
4. *Ny 2. vara i administrasjonsutvalet vert Oskar Grimstad*
5. *Ny 2. vara i forhandlingsutvalet vert Oskar Grimstad*
6. *Ny fast medlem i samarbeidsutvalet for Hareid ungdomsskule vert Øyvind Grimstad*
7. *Ny 3. vara for utsending til KS vert Oskar Grimstad*

Likestillingsmessige sider ved saka: skissert i saka

Konsekvensar for folkehelsa: ingen kjende

Miljøkonsekvensar: ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: ingen kjende

Beredskapsmessige konsekvensar: ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: ingen kjende

Namn
Rådmann

Helga Bøe
leiar servicetorg og politisk sekretariat



Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
67/19	Formannskapet	23.05.2019
36/19	Kommunestyret	23.05.2019

Helseplattforma. Prosjektorganisasjon

Samandrag:

1. **Rådmannen si tilråding:**

Kommunestyret syner til prosjektet for innføringa av Helseplattforma og sluttar seg til organiseringa som er skissert i saksutgreiinga. Kommunestyret er kjent med at prosjektet vil medføre prioritering av interne ressursar.

2. Kommunestyret oppmodar staten om å ta medansvar for finansiering av Helseplattforma, og sikre innføringa av «Ein pasient – ein journal» skjer på like vilkår for alle kommunane i landet sjølv om Midt-Norge er først ut som eit regionalt utprøvningsprogram.

Andre relevante dokument:

Prosjekt felles Helseplattform - 7 stjerna kommunane på Søre Sunnmøre

Saksopplysningar

Bakgrunnsopplysningar:

I følge St. melding 9, Én innbygger – én journal (2012-2013) Har regjeringa som mål at helsepersonell raskt og effektivt skal få tilgang til nødvendige pasientopplysningar og at all skriftleg informasjonsutveksling skal skje elektronisk. Dei seier at tilgang til relevant informasjon er nødvendig for at helsepersonell raskt kan danne seg eit heilskapleg bilete av pasient eller brukar og på den måten og ha eit godt grunnlag for å velje riktig utreiing eller behandling. Dette bidrar også til at pasientar og brukarar, så langt det er mogleg, slepp å gjenta dei same opplysningane kvar gong dei oppsøker helse- og omsorgstenesta.

For å oppnå dette ynskjer regjeringa å modernisere IKT-plattformen og arbeide mot ei felles nasjonal løysning som inkluderer heile helse- og omsorgssektoren. For å kunne tilrå tiltak foreslår regjeringa at det vert starta eit arbeid for å utreie alternative løysingar. Regjeringa sitt hovudmål er «én innbygger – én journal».

Direktoratet for e-helse tilrår ei felles journal- og samhandlingsløysning for kommunane. Løysinga vil gi innbyggjarar ein meir heilskapleg helseteneste og helsepersonell i kommunane eit betre arbeidsverktøy. Kommunane har eit stort behov for betre journalløysingar og enklare samhandling med andre aktørar i helse- og omsorgssektoren. IKT-systema i kommunane er silobaserte og i hovudsak avgrensa til kvar einskild verksemdsområde. Dermed delast ikkje helseinformasjon om innbyggjarane mellom dei ulike delane av helsetenesta.

Behovet for betre løysingar i kommunane vil bli forsterka dei neste årane på grunn av ein auke i tal eldre med meir samansette sjukdomar. Dette førar til endringar i behov for helsetenester. I tillegg vert det planlagt å føre over fleire oppgåver som i dag ligg til spesialisthelsetenesta, til primærhelsetenesta i kommunane. Totalt sett stiller dette høge krav til digital samhandling både internt i kommunane, med spesialisthelsetenesta og med innbyggjarar.

Politiske mål om ein koordinert og samanhengande helseteneste vil ikkje kunne oppfyllest utan ei meir heilskapleg og koordinert utvikling av framtida sine IKT-løysingar. For å både sikre pasientsikkerheita og å kunne tilby heilheitlege tenester, er det behov for ei samordna nasjonal betring av kvaliteten på journalløysingar i den kommunal helse- og omsorgstenesta.

I Granavolden-plattformen 17. januar 2019, seier regjeringa at; «Digitalisering og bruk av nye e-helseløysingar er ein føresetnad for å skape helse- og omsorgstenesta for pasienten og gjere tenesta berekraftig for framtida. Difor vil regjeringa realisere «Éin innbyggjar – én journal» og digital helseteneste for pasientane. Digitale løysingar og ny teknologi må gå frå pilotstadiet til å bli den nye måten å jobbe på. Bruk av nasjonale e-helseløysingar må vere ein del av sørgefor-ansvaret til helse- og omsorgstenesta.»

Våren 2016 fekk Helse Midt-Norge RHF i oppdrag å vere eit regionalt utprøvningsprogram for det anbefalte nasjonale målbildet, og eit mogleg startpunkt for ein felles nasjonal løysing for kommunale helse- og omsorgstenester. Gjennom programmet «Helseplattformen» planlegg Helse Midt-Norge RHF å etablere ein

regional journalløysing i samarbeid med kommunane og sjølvstendige næringsdrivande avtaleparter i Midt-Norge. Helseplattformen som eit mogleg startpunkt, inneber å bygge vidare på deira konkurransegrunnlag i ein eventuell seinare nasjonal anskaffing, inkludert å vidareføre forankrande beslutningar som blir tatt innan områder som er sentrale for å styrke samhandlinga på tvers av verksemd og ulike IKT-løysingar. Kontrakten som er inngått og løysinga som vert innkjøpt, kan ikkje nyttast av verksemdar utanfor Midt-Norge.

Hausten 2016 fekk Direktoratet for e-helse i oppdrag å etablere et samarbeid med Helseplattformen og å utarbeide eit beslutningsgrunnlag for innføring av ei nasjonal løysing for dei kommunale helse- og omsorgstenestene. Oppdraget om å utarbeide et beslutningsgrunnlag for ei nasjonal kommunal løysing blei stadfesta i tildelingsbrevet for 2017. I tillegg fikk Direktoratet for e-helse i oppdrag å utarbeide eit veikart for den samlande gjennomføringa av arbeidet med «én innbygger – én journal».

Direktoratet for e-helse tilrår at «en innbygger – én journal», vert realisert gjennom tre strategiske og parallelle tiltak:

- Etablering av Helseplattformen i region Midt-Norge
- Vidareutvikling av eksisterande løysingar i spesialisthelsetenesta i Helse Nord, Helse Vest og Helse Sør-Øst
- Etablering av ei nasjonal løysing for kommunale helse- og omsorgstenester for kommunane utanfor Midt-Norge.

Helseplattformen

Programmet Helseplattformen (www.helseplattformen.no) skal kjøpe inn innføre, er m.a ny pasientjournal ved sjukehus, kommunar, fastlegar og private spesialistar i Midt-Norge. Helse Midt-Norge og Trondheim kommune er hovudaktørar i innkjøpet, og alle kommunane i Møre og Romsdal og Trøndelag er med gjennom sine opsjonsavtalar. Helseplattformen er også ein regional pilot for den nasjonale målsetjinga «Én innbygger – én journal». Det er berre i Midt-Norge at ein får det same systemet både i spesialist- og primærhelsetenesta (sjå referanse 1: Konseptutvalgutredning frå Direktoratet for e-helse, side 10 og 11). Signering av kontrakt med vald leverandør, Epic, er planlagt april 2019.

Helseplattformen skal legge til rette for pasienten sitt ynskje om tilgang til eigne helseopplysningar, betre informasjon om diagnose, meir involvering i eiga behandling, tettare dialog med helsetenesta og ei helseteneste som vert opplevd som samanhengande mellom alle aktørane i tenesta. Dei tilsette både i primær- og spesialisthelsetenesta ynskjer å kunne dele informasjon om pasientane, samanhengande og standardiserte pasientforløp, støtte for avgjerdsler og vedtak, samhandlingsverktøy og ein strukturert journal.

Kommunane har behov for betre verktøy for å arbeide førebyggjande og betre analyseverktøy for styring og folkehelsearbeid. Desse måla kan ein nå dersom det vert innført eit digitalt samhandlingsverktøy både på sjukehus, i kommunane, hos fastlegane og med gode innbyggjartenester. Helseplattformen skal vere eit slikt samhandlingsverktøy.

Før Helseplattformen kan innførast må det gjerast eit større arbeid i alle kommunar. Dette arbeidet omfattar analyse av arbeidsprosessar, og førebuing av organisasjonen på innføring av ny arbeidsflyt og nye måtar å jobbe på. Dette krev mellom anna eit kontinuerleg forankrings- og informasjonsarbeid. Før kommunane

kan flytte over til Helseplattformen må det gjerast ei dataanalyse av helsesystema i kommunen slik at dagens helsedata kan overførast til den nye plattformen og sikre ei trygg migrering til det nye systemet. Alle system i kommunen som inneheld journalopplysningar vil bli erstatta av Helseplattformen, mellom anna journalsystemet i pleie- og omsorgstenesta og på helsestasjonane. Fastlegane har også opsjon på å bytte sine system, noko som er vesentleg for å ta ut full effekt av Helseplattformen.

Helseplattformen-prosjektet har no kome inn i ein fase der alle kommunar med opsjonsavtalar må involverast for å kunne påverke resultatet. Når kontrakten med leverandør vert signert april 2019 bør alle 85 kommunar vere einige om kva for arbeidsprosessar det nye systemet skal støtte, samt kor stor grad av lokale tilpassingar som vert nødvendige. I perioden august 2019 til juni 2020 er det planlagt at hele systemet skal tilpassast – også for opsjonskommunane. Det må riggast ein organisasjon og ein avgjerdsstruktur der Helseplattformen-prosjektet på Søre Sunnmøre arbeider tett saman med alle andre kommunar overfor leverandøren i denne fasa.

Effektmål og gevinstar:

Gjennomsnittsalderen aukar i de fleste kommunar i Midt-Norge, og trykket på helsetenesta aukar også frå dei yngre innbyggjarane. Det medfører at det blir stadig færre yrkesaktive for kvar tenestemottakar. Helsepersonell må derfor få høve til å jobbe smartare og meir effektivt, i tillegg til at innbyggjarar vert tettare involvert i eiga helse. Helseplattformen har definert følgjande 11 effektmål for prosjektet:

- Høgare behandlingsskvalitet og færre pasientskader.
- Tilgang til kontinuerleg oppdatert klinisk kunnskap basert på beste praksis.
- Innbyggjarane i Midt-Norge får enkel tilgang til eigen journal og større moglegheit til å påverke eige behandlingsforløp.
- Betre samhandling i og mellom primær- og spesialisthelsetenesta.
- Betre data- og informasjonsgrunnlag for forskning og innovasjon.
- Auka effektivitet og betre ressursbruk.
- Betre styringsinformasjon som grunnlag for kvalitets- og forbetningsarbeid i dagleg drift.
- Redusert tidsbruk på dokumentasjon og leiting etter helseopplysningar.
- Tilfredsstillende nasjonale krav og standardar.
- Innbyggjarane i Midt-Norge skal få høve til å bu lengre i eigen bustad.
- Behovet for offentleg tenesteyting skal reduserast ved at tenester som blir gitt gjennom generiske forløp ivareteke ei heilheitleg funksjonsvurdering.


Desse effektmåla vil i arbeidet framover bli operasjonalisert i meir tydelege resultatmål også for den enkelte kommune som en del av arbeidet med gevinstplanlegging i prosjektet. Dei kommunale gevinstane kan skisserast slik:

Gevinstane er ikkje konkretisert enno, men ein indikasjon kan ein få gjennom referanse 1: Konseptvalgutredning: «Nasjonal løsning for kommunal helse- og omsorgsteneste», kapittel 3, 4 og 6. Trondheim kommune har starta sitt arbeid med gevinstanalysar, og det er naturleg å kople seg på dette.

Organisering:


Helseplattformen-prosjektet på Søre Sunnmøre vil vere ein del av det heilheitlege

prosjektet for Midt-Norge. Det øvste organet for opsjonskommunane er Samarbeidsrådet, der kvart fylke er representert ved rådmenn og fagpersonar. Kvar kommuneregion skal vidare peike ut ein person til å delta i en «regional arbeidsgruppe». For Søre Sunnmøre deltek prosjektleiar Tommy Dahl. Det er i tillegg etablert lokal arbeidsgruppe med medlemar frå kvar kommune. Vidare er det rekruttert personar frå kvar kommune som skal vere med som faggruppe i beslutningsstruktur i det forberedande arbeidet, når Helseplattformen skal tilpassast norske kommune-forhold.



Framdriftsplan:

Framdriftsplan for prosjektet Helseplattformen kan visuelt framstillast slik:



Økonomi:

Kostnader knytt til sjølve anskaffelsen og innføringa av Helseplattformen
 Disse kostnadane er ikkje kjende på noverande tidspunkt, då Helseplattformen er i ein anskaffelsesfase fram til april 2019. Det pågår også forhandlingar i forhold til kostnadsdeling mellom kommunane og spesialisthelsetenesta.

Kostnader knyttet til prosjektleiing og det sentrale prosjektet på Søre Sunnmøre
 Dette utgjør hovudkostnadene til dette mandatet. Hovudkostnadene for prosjektet på Søre Sunnmøre er i første rekke frikjøp av stilling frå Herøy Kommune. Dette gjeld prosjektleiing og administrasjon i Helseplattformen. Det er i utgangspunktet ein føresetnad at disse kostnadene dekkes av eksterne midlar, unntak frå dette blir behandla i styringsgruppa. Det ble i mars 2018 søkt om skjønsmidler frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal for dette, og

Fylkesmannen har tildelt følgende midlar for 2019:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal har for 2019 tildelt til saman 4,2 millionar kroner til Helseplattformprosjektet. Desse midlane fordeler seg slik:
- Kommunane i Romsdal: 1 million kroner. Blir utbetalt til Molde kommune.
- Kommunane på Nordmøre: 1,2 millionar kroner. Blir utbetalt til Kristiansund kommune *)
- Nye Ålesund kommune: 1 million kroner. Blir utbetalt til Ålesund kommune
- Dei andre kommunane på Sunnmøre: 1 million kroner. Blir utbetalt til Ålesund kommune.
- Avklaring av midlar til Prosjektet på Søre Sunnmøre blir gjort i Samhandlingsgruppa i Sunnmøre Regionsråd 22.02.19
- Den 22.02.19 blei det avklart at Prosjektet på Søre Sunnmøre fekk midlane på 1 million. Midlane vil bli utbetalt til Herøy kommune og disponerast av prosjektleiar.

Budsjett oppstilling over utgifter og korleis utgiftene vert finansiert i 2019:

Prosjektbudsjett Helseplattformen 2019		
Hva	Kommentar / begrunnelse	Sum
Kostnader		
Lønn, arb.giveravgift etc	Prosjektleder i 80% stilling	701 743
Reiser, mat, materiell, workshops etc	Estimert tall	180 000
Frikjøp av andre	Rest til frikjøp	118 257
Sum:		1 000 000
Inntekter		
Fylkesmannen skjønnsmidler		1 000 000
Sum:		1 000 000
Balanse		
Inntekter minus kostnader		-

Intern ressursbruk i eigen kommune

Det er ikkje eit eksplisitt krav om eigeninnsats knytt til dei tildelte midlane. Men for at eins kal lykkast med prosjektet må kvar kommune involverast tett både i forhold til informasjons- og forankringsarbeid, prosessarbeid og anna arbeid knytt til prosjektet. Det er for tidleg å estimere kva for innsats som vil krevjast i 2019, men det vil i hovudsak vere knytt til brei informasjon og involvering av fagpersonar og IT. Den største innsatsen vil kome når Helseplattformen faktisk skal rullast ut i forhold til opplæring, innføring og bytte av journalsystem, som vil vere ein krevjande jobb. Dette vil truleg skje i 2022.

Helseplattformen i statsbudsjettet

Helseplattformen er omtalt i statsbudsjettet (jfr Prop. 1S (2018-2019) punkt 2.2): Det foreslås til sammen 575 mill. kroner i lån og tilskudd til Helseplattformen i 2019. ... For å sikre finansiering av Helseplattformen vil Helse Midt-Norge bli gitt et lån tilsvarende 70 pst. av investeringskostnaden for spesialisthelsetjenesten, med en lånebevilgning på 465 mill. kroner i 2019. I tillegg vil det bli etablert en tilskuddsordning tilsvarende 100 pst. av den faste investeringskostnaden for kommunane og fastlegene, med en bevilgning på 110 mill. kroner i 2019. Dette er et tilskot som skal betales tilbake med renter ette kvart som kommunar og fastleger tar i bruk løysninga. Ordninga er etablert for å legge til rette for deltaking frå kommunar og fastleger i Midt-Norge, slik at verken Helse Midt-Norge eller dei kommunane som går inn i prosjektet skal bære risikoen for manglande deltaking. Regjeringa vil kome tilbake til låneramme og tilskuddsramme etter at avtale om kjøp av løysninga er inngått.

Referanse:

1. Fra Direktoratet for e-helse, Konseptvalgutredning: «Nasjonal løsning for kommunal helse-og omsorgsteneste» (<https://ehelse.no/strategi/n-innbygger-n-journal/nasjonal-journallosning-for-kommunal-helse-og-omsorgsteneste>)
2. Fra Direktoratet for e-helse, Konseptvalgutredning: «En innbygger – én journal» Nasjonal løsning for kommunal helse- og omsorgstjeneste (<https://ehelse.no/Documents/En%20innbygger%20->

%20en%20journal/KVU%20%c3%89n%20innbygger%20-%20%c3%a9n%20journal%20Nasjonal%20I%c3%b8sning%20kommunal%20helse-%20og%20omsorgstjeneste.pdf)

3. St. melding 9, «Én innbygger – én journal (2012-2013)» (<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-9-20122013/id708609/>)

Vurdering og konklusjon:

Det er ikkje naudsynt å ta stilling til om kommunen skal nytte opsjonen på Helseplattformen på dette tidspunktet, sidan ein ikkje er kjend med kostnads- og gevinstbiletet. Bystyret i Trondheim skal etter planen handsame saka våren 2019. Det vil på eit seinare tidspunkt bli lagt fram sak der politisk nivå skal ta stilling til om opsjonen skal utløyast. I første omgang er det behov for å gi informasjon til politisk nivå, samt ei politisk forankring for prosjektet.

Det er prosjektleiar si tilråding at kommune på Søre Sunnmøre deltek i dette prosjektet. Prosjektet markerer eit viktig sprang i digitaliseringa av heile helse- og omsorgssektoren, og kan gi ei markant forbetring i korleis tenestene i denne sektoren vert utøvd både i kommunar, sjukehus, hos fastlegar og ved innbyggjarane sjølv. Helseplattformen vil bli eit særst viktig bidrag til kunne løyse dei store velferdsutfordringene vi ser vil komme spesielt innan dei kommunale pleie- og omsorgstenestene.

Dette er eit stort prosjekt som har ein viss risiko da ein ikkje veit kostnadene med kjøp, innfasing og gevinsten. Samtidig er dette eit prosjekt som vi ikkje har noko alternativ til, og at kommunane må vere med på denne prosessen for å kunne innføre dei nasjonale krava til felles elektronisk journaløysing.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Konsekvensar for folkehelsa:

Miljøkonsekvensar:

Økonomiske konsekvensar:

Beredskapsmessige konsekvensar:

Konsekvensar for barn og unge:

Namn
Rådmann

Ragnhild Velsvik Berge
rådmann